



Tankespinn #3

Antologi

Setesdalsforlaget
VALLE 2013

Ein kan beklaga at Olaf Agnar Gausvik har emigrert til sydligare luftlag frå sitt kjære Uskedalen, men han skal ha ros for at han aldri sviktar oss med omsyn til tankespinnet sitt.

Siste produkt frå Sørlandet og Polen er ei markant deltaking i den tredje antologien frå hans faste formidlar Setesdalsforlaget i Valle. Denne gongen dokumenterar han at det også bur ein betydeleg poet i Olaf Agnar.

Han har kome langt vidare enn til limerickstadiet.

Olaf Agnar har fått med rundt 20 dikt og strofar i denne antologien.

Det er særleg 2 av dikta som imponerar - det er Tankespinn som har gjeve tittel til heile serien og det er og den intense kjærleikserklæringa til Maria.

Den siste er så sterk at Ånund K. Honne har signert ho med FORLEGGARENS FAVORITTDIKT og vi kan ikkje unngå å gjeva att diktet her:

**Eg har ropa det til stormen
nå han heldt på å blåsa meg bort.
Eg har kviskra det
til skuggdråpane i graset
og til suset i skogen.
Eg har skrive det i snø og i sand
og sagt det med salte tårer
som har runne ut i havet.
Eg har sunge det
for flyttfuglane
før dei dreg mot sør
og til den raude sola
når ho går ned i vest.
Eg har lagt det inn i lufta
som fyller lungane mine
og lukkeleg har eg fortalt det
til alle menneske eg har møtt.
Eg har morsa det
ut i møke natta
til myriader av stjerner
i heile Mjølkevegen.
Og no seier eg det til deg:
Eg er så glad i deg
at det gjer vondt1**

Vi her oppe i heimbygda hans er for vår del glade i Olaf Agnar og hans tankespinn.
Måtte han spinna i mange år enno!

Av Ola Matti Mathisen

